

715

Kjønn	Jente	Gut	Det første språket du lærte	Norsk	Anna
	☐	☐		☐	☐

Jonsok


Kjære Dagbok,

23 Juni 2012

Dagbok, veit du kva Jonsok er? No sitt eg med eit enormt bål. Veit du kvifor vi gjer det? Nei vel følg med no...

Jonsok har blitt feira i over 1000 år, så jonsok har blitt feira heilt sidan heidensk tid. Jonsok vart feira med leik, dans og drykk. Denne feiringa varte til 1500- talet då kyrkja fekk stoppa opp dette. Dei meinte det var umoralsk. Kongen på den tida fekk ordna opp i dette slik at alle vart fornøgde. Jonsok skulle i frå den dagen feirast til minne om Døyparen Johannes. Andre forkortingar for Johannes er til

dømes Jon og St. Hans. Ein anna måte å seie at det er Jonsok er å seie at det er sommarsolverv.



Det var og er normalt og tenne store bål på Jonsokafta. Dei er vanlegvis enorme. I gamle dagar tende dei Jonsokbål eller priselden som dei kalte det for å verne seg mot vonde makter. Mange overtruer var også ute og gjekk på Jonsokafta på den tida. F.eks. Nokon sprang gjennom det ned brende bålet for ekstra beskyttelse. Andre samla "Jonsok gras" som dei kalte det. Dette

gjorde dei for å halde buskapen rein. Andre samla også Jonsok blomar. Vist dei samla dette og la det under puta skulle dei drøyme om den dei skulle gifte seg med. Eg syns litt synd på dei som vakna og ikkje kunne hugse noko som helst i frå drøymen sin. Dei ville nok vere ganske skuffa....

Jonsokbryllaup? Veit du kva det er? Ikkje eg heller før vi begynte å snakke om det på skulen. Eg fekk meg eit sjokk også får det viser seg att Jonsokbryllaup har berre overlevd her i vest. Ikkje veit eg kvifor eg aldri har høyrte om det før, kanskje fordi eg ikkje feirar Jonsok så ofte. Men no skal eg begynne fortelje om Jonsokbryllaup no så du slepp å lure lenger. Jonsokbryllaup er eit slags "Late bryllaup" mellom to barn. Ja barn, ikkje vaksne. Barna får brudeklede som dei brukar i bryllaupet. Jenta får ein nydeleg brudekjole.

Som eg sa i stad dei giftar seg ikkje på ekte. Barna er som regel 7-9 år.



Heime feirar vi ikkje Jonsok så ofte. Eg veit ikkje kvifor, men det er berre sånn. Det var eit år då heile bygda samla seg i skogen. Der tente vi eit ENORMT bål i ei grøft. Det var veldig kjekt. Vi grilla pølser og andre godsaker. Vi hadde også med god drikke, men slapp av vi grilla ikkje den ☺. Dessverre måtte vi gjere dette på eingongsgrillar fordi vi hadde hatt bensin på bålet. Alle ungane sprang rundt på plassen og leikte mens dei vaksne sto i ei klynge å prata og grilla. Det er ei Jonsokfeiring eg seint vi gløyme. Og ja som eg sa, ikkje noko Jonsokbryllaup.

Røyken begynner å svi i auga. Eg snur meg for ikkje å bli heilt rød å begynne å grine. Det hjalp veldig lite fordi vinden snudde og eg fekk røyken i auga igjen. Då røyste eg meg og sprang vekk.

No håpar eg verkeleg att du har lært litt meir om Jonsok Dagbok!